Telemark Bonde- og Småbrukarlag

Årsmelding 2020

Tillitsvalde i Telemark Bonde og Småbrukarlag 2020

Leiar: Sondre Aasan, Flatdal, tlf.: 458 72 979 sondreaasan@hotmail.com
Nestleiar: Regina Brajkovic, Sannidal, tlf.: 988 79 341 brajkov@online.no
Styremedlemmer:
Gunleik Mæland, Flatdal, tlf.: 959 45 691 gunleikm@gmail.com
Margrete Ims Langåsdalen, Hjartdal, tlf.: 977 92 598 margreteilang@gmail.com
Halvor Versto, Vinje, tlf.: 911 46 242 hversto@yahoo.no
Vara:
1. vara: Ingebjørg K. Øygarden, Rauland tlf.: 954 05 230 ikristense@gmail.com
2. vara: Bjørgulv Kvåmme, Edland, tlf.: 906 42 486 elinhaugo@yahoo.no
3. vara: Lars Teigen, Bøgrend, tlf.: 99242825 hogetveitteigen@gmail.com

Revisorar: Arvid Lia, Notodden og Halvor Øygarden, Rauland
Rovdyrkontakt frå Telemark i NBS: Regina Brajkovic
Organisatorisk nestleiar og vara til forhandlingsutvalet i NBS: Kathrine Kinn
Medlem i rovviltutvalet i NBS: Regina Brajkovic
Medlem i ungdomsutvalet i NBS: Linn Beathe Esborg
Medlem i utmarksutvalet i NBS: Arne Vinje
Medlem i mjølkeutvalet i NBS: Sondre Aasan
Leiar i småfeutvalet i NBS: Gunleik Mæland
Medlem i kornutvalet i NBS: Hellek Berge
Kontaktperson for skrantesjuke på Hardangervidda: Jon Olav Hauge
Styremedl. i Utvalde Kulturlandskap Hjartdal og Svartdal for TBS: Gunleik Mæland

Representant i Telemark Landbruksselskap: Regina Brajkovic
Representant i Landbruksråd Øst: Sondre Aasan og Kari Tellefsen
Medlem i arbeidsutvalet for landbruksråd Øst: Regina Brajkovic

Fylkessekretær: Kari Tellefsen tlf.: 454 055 54 telemark@smabrukarlaget.no

Org.nr: 913 568 26 konto nr.: 2699 11 06676 Vipps nr.: 570676

Heimeside: www.smabrukarlaget.no
FB side: https://www.facebook.com/telemaksmabrukarlag

FOTO FRAMSIDE: EDVARD EIKEMO

Ord frå Fylkesleiar

Landbruk og klima

I 2019 signerte Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Bondelaget ei klimaavtale med staten. Målet er å redusere utslepp frå landbruket med 5 millionar tonn CO2-ekvivalentar i perioden 2021-2030. Til samanlikning er dei samla norske utsleppa i løpet av eit år berekna til 50 millionar tonn.

Klimaavtala gjev landbruket meir føreseielege rammer. Med ei avtale i hand risikerer vi ikkje at landbruket plutseleg skal bli pålagt meir eller mindre gjennomtenkte klima-tiltak, etter politiske dragkampar på bakrommet. Det er bra, men kva vil det koste å kutte utsleppa og kven skal betale?

Staten brukar store pengar på ulike klimatiltak. Transportøkonomisk Institutt reknar med at el-bilpolitikken kostar ein stad mellom 400-2500 kroner per tonn reduserte utslepp. Viss det skulle brukast like mykje pengar på å redusere utslepp i landbruket ville det kosta ein stad mellom 20 til 125 mrd. kroner i avtaleperioden, eller mellom 2 til 12,5 milliardar i året. Kor mange milliardar har staten lova å bruke i avtaleperio-den? Svaret er div*erre ikkje ein einaste ein, det følgjer ikkje ei krone med i avtala, det står mellom anna i avtaleteksten «...klimaavtalen kan heller ikke forutsette økte sub-sidier»*. Når det er sagt hadde Norsk Bonde- og Småbrukarlag, som avtalepart, ei klar forventning om at det skulle følge med midlar til klimatiltak over statsbudsjettet, slik avtala opnar for. Så langt har ikkje så skjedd, men det kjem eit nytt statsbudsjett til hausten, og kanskje ei ny regjering.

I debatten om landbruk og klimautslepp må vi ikkje gløyme at landbruk alltid vil både produsere og binde ulike gassar som påverkar klimaet. Mange av utsleppa frå landbruket er ein del av ulike krinslaup, til dømes metanutslepp frå drøv-tyggjerar. Men sjølvsagt, landbruket er også ein storforbrukar av fossile energikjelder, spesielt til diesel og kunstgjødsel.

FOTO: MORTEN BRAKESTAD

Når maskiner med alternative energikjelder er gode nok og konkurransedyktige på pris og bruk er eg viss på at bønder vil ta desse i bruk.

Talet på bønder går fortsatt nedover, dette vil også ha negativ verknad på korleis vi er i stand til å møte måla i klimaavtala. Færre bønder betyr større bruk. Noregs topografi med meir fjell, dal og fjord enn slette, gjer sitt til at stordriftsfordelar ofte blir nulla ut av stordriftsulemper. Stordrift blir ofte lite effektivt og fôr må fraktast langt. Når gardane vert for få og store blir husdyrgjødsla eit forureiningsproblem meir enn ein ressurs, med unødvendige lystgassutslepp som logisk konsekvens. Talet på lastebilar fullasta med rundballar aukar år for år og er rullande vitneprov på at den såkalla strukturrasjonaliseringa har gått for langt. Vi treng dei små og mellomstore bruka for å drive rasjonelt og klimaklokt i eit land med høge fjell og djupe dalar.

Sjølv om landbruket skal gjere sin del skal vi ikkje ofre drøvtyggjerane for å få klimarekneskapen til å gå opp. Vi kan ikkje tillate at ei reduksjonistisk forståing av klimautslepp gjer dagros til ein klima-versting. Det er og blir feil sjølv om statsministeren meiner at "kuene promper for mye". Ho om det. Landbruket skal ikkje berre produsere mat, det skal også produsere fellesgoder som matsikkerhet, flotte kulturlandskap, levande bygder, biologisk mangfald med meir. Drøvtyggjerane er heilt naudsynte for å oppretthalde eit vitalt landbruk i heile landet og sikre desse fellesgodene inn i framtida.

Landbruket skal gjere sitt for å nå måla i klimaavtala, men det må skje på ein måte som ikkje svekkar eit husdyrbasert distriktsjordbruk.

FOTO: KRÅKEROE

Lokallag i Telemark 2020

Hjartdal og Notodden BS

Leiar	Edvard Eikemo, Sauland tlf.: 948 80 309 edveik20@gmail.com
Sekretær	Helle K. Gjerde, Sauland tlf.: 992 58 790 hkaufman@online.no
Kasserar	Eivor Bjerke, Sauland tlf.: 988 22 994 eivor.bjerke@gmail.com
Styremedlem	Svein Olav Skårdal, Sauland svein-olavm@hotmail.com
Vara	Kjetil Lonar Bøe, Sauland
	Sondre Bondal, Tuddal
Revisor	Øyvind Lia, Notodden

Vest- Telemark BS

Leiar	Gunnar Haugo, Vå, Rauland tlf.: 975 78 643 gunnarhaugo62@gmail.com
Sekretær	Svein Kostveit, Rauland tlf.: 480 37 560 svein.kostveit@air.no
Styret	Tor Mølster Byggland, Øyfjell, Vinje, tlf.: 952 16 730
	Halvor A. Versto, Tjønnegrend, Vinje, tlf. 934 90 454/ 911 46 242
	Bjørn Thore Kvålseth, Ordal, Kviteseid, tlf.: 917 23 968
	Ingebjørg Kristense Øygarden, Arabygdi, Rauland, tlf.: 954 05 230
	Helge Hellesø Lundgren, Åmotsdal, Seljord, tlf.: 994 39 719
	Oddvar Seltveit, Mo, Tokke, tlf.: 900 13 727
Vara	Sigmund Romtveit, Grungedal, Vinje
	Olav Gunleik Mostaul, Mostøyl, Tokke
	Erlend Fundli, Fonnli, Rauland
	Sondre Aasan, Flatdal, Seljord
	Edvin Tveiti, Raulandsgrend, Rauland

Nedre Telemark BS

Leiar	Jan P. Olsen, Gvarv tlf.: 901 54 521 janphillipsolsen@gmail.com
Styret	Regina Brajkovic, Sannidal tlf.: 988 79 341 brajkov@online.no
	Linn Beathe Esborg, Porsgrunn tlf.: 926 38 882 linn.esborg@gmail.com
Vara	Bjørn Dagsrud, Skien
	Halvor Sunde, Nordagutu

Tinn BS

kontaktperson:	Barbro Stordalen Austbygde tlf.: 906 42 304 bstordalen@gmail.com

Årsmøtet 2020

Telemark Bonde- og Småbrukarlag heldt årsmøte 6. mars 2020 i Bø Prestegard. Gjest på årsmøtet var nestleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Kathrine Kinn, som heldt ei orientering om strategiutvikling og profilering av NBS.

Etter sjølve årsmøtet hadde me invitert til eit ope møte om god agronomi i framtidas landbruk, i samarbeid med ungdomsutvalet i NBS. Dette var ei oppfølging av prosjektet «Klimarobust landbruk i Telemark» i regi av Telemarksforsking. Me ønskte å formidle meir kunnskap om berekraftig jordbruk og løfte fram løysingar der me jobbar på lag med naturen. Dette er høgaktuelt når me veit at me må ta vare på produksjonsgrunnlaget for kommande generasjonar under stadig meir krevjande vêrtilhøve.

Appell

Medlem i ungdomsutvalet i NBS, Linn Beathe Esborg, heldt appell. Utdrag frå appellen: «*Vær all right med hverandre, bruk stemmen, vær engasjert. Du har makt innenfor din radius. Om den er lite eller stor, bruk den. Ha gode samtaler, forvalt det du har på best mulig måte».* Les heile appellen på side 16.

God agronomi i framtidas jordbruk

Innleiarar

Professor Inger Hanssen-Bauer, Meteorologisk institutt og Norsk klimaservicesenter, orienterte om kva konsekvensar klimaendringane kan få for det norske jordbruket.
Seniorforskar Erik Joner, NIBIO, snakka om «jordkarbon – jordliv – jordhelse, jordbrukets treeinige».
Hellek Berge driv økologisk korndyrking på Hørte og har eit par ammekyr.
Henrik Kjeldsen driv 1500 daa konvensjonell korndyrking på Fen utan open åker.

FRÅ FOREDRAG AV INGER HANSSEN-BAUER

Det naturlige valget

Nortura
bondens selskap

Nortura eies av bønder, styres av bønder og har samme mål som bønder - å skape best mulig økonomi for bonden.

Arbeidsåret 2020

Takk. Me takkar Edvard Eikemo Og Vibeke Pedersen som gjekk ut av styret, og ønsker velkommen Margrete Ims Langåsdalen og Halvor Versto. Me gjennomførte årsmøtet i siste liten før alt blei stoppa av koronapandemien veka etter. Det meste av arbeidet dette året har vore prega av pandemien, både i jordbrukstingingane, spørsmål om utanlandsk arbeidskraft og diskusjonar om matvaretryggleik og grensehandel. Andre faglege og sosiale aktivitetar der me samlast er sette på vent. Den digitale arenaen har derimot blitt større.

Me har hatt 9 styremøte og handsama 63 saker. Me har òg deltatt i fylkesleiarmøte, representantskapsmøte og telefonmøte med NBS i samband med jordbrukstingingane og utvikling av ny strategiplan for NBS.

Andre viktige arenaer me har delteke på er Partnarskap landbruk og regionalt miljøprogram i regi av fylkeskommunen og regionalt næringsprogram som Statsforvaltaren, tidlegare fylkesmannen, har ansvar for.

Vestfold og Telemark. Telemark Bonde- og Småbrukarlag har ikkje planar om å slå seg saman med Vestfold BS. Me ser at landbruket i dei to gamle fylka er veldig ulikt og meiner at det er særs viktig at telemarkslandbruket er representerte i ulike fora hjå fylkeskommunen og Statsforvaltaren.

God agronomi i framtidas landbruk. Stikkord: «Kva må me vera budde på når veret blir varmare, våtare og villare?» «Kva kan me gjera for å ta vare på jorda og gjera ho betre, minske utslepp, auke karbonbinding og på same tid få betre økonomi?» Seminaret var støtta økonomisk av Landbruksråd Øst. Les meir i artikkel på side 18.

Jordbruksoppgjeret: Fylkesleiarmøtet i NBS i mars ga klåre signal til styret og forhandlingsutvalet om at årets jordbruksoppgjer skulle vera ein del av dugnaden i den usikre koronatida. Måtehald var eit viktig stikkord.

- Forenkla tingingar p.g.a. korona-pandemien. Budsjettnemnda kunne ikkje legge fram oppdatera tal for pris og kostnadsutvikling fordi SSB ikkje kunne legge fram realistiske konjunkturprognoser for 2020.
- Mykje var usikkert for grøntsektoren i spørsmålet om arbeidsinnvandring.
- Årets jordbruksavtale omfattar
    - Endringar i målprisen frå 1. juli 2020
    - Omdisponering innanfor gjeldande ramme for 2020
    - Auka ramme for 2021
- Utvida rammer, budsjett: 350 millionar, målpris: 300 millionar.
- Arbeidsgruppe for utredning av meir norskprodusert fôr.

Det blei stor uro blant bøndene – korleis gjeng det med sikker matforsyning viss ikkje landbruket får skikkelig betalt? Dette burde vera året for det store løftet!

Innspel frå Telemark til oppfølging av jordbruksavtala om auka norskprodusert fôrråstoff:

- Arealtilskot på teignivå
- Forsking på hardføre artar av proteinvekstar, type åkerbønner og liknande
- Ordningar som ikkje er volumdrivande
- Utmarksbeite med lite rovdyr
- Tiltak som motverkar prisløypa for lammeslakt, der dyr rett frå utmarksbeite blir prisa ned, medan tidleg slakta dyr frå kulturbeiter og kraftfôr blir godt betala.

- For å nytte utmarka betre, må ein unngå store besetningar av storfe. Det peikar også regjeringa på i storingsproposisjonen om statsbudsjettet for 2020.
- Auke støyltilskotet.

Trongen for utanlandsk arbeidskraft var realistisk rekna til 15.000 for sesongarbeid i grøntsektoren. Bondelaget ønskte å innføre eit «frikort» slik at permitterte arbeidarar i andre bransjar kan jobbe i landbruket utan å miste NAV-støtte. NBS ønskte primært høgare løn for landarbeidarar slik at det blir meir attraktive jobbar på lenger sikt. Respekten og statusen for arbeidet må auke i heile landbruket. Det er god kontakt mellom NBS og Fellesforbundet.

Utdrag frå høyringsuttale om regional planstrategi: *«Eitt av tre «hovedgrep for å nå bærekraftsmål 13» er å følgje opp Klimakur 2030 og satse på teknologi- og metodeutvikling. Kva det siste tyder er noko uklårt, men Telemark Bonde- og Småbrukarlag vil åtvara mot å leggje Klimakur 2030 ukritisk til grunn. Dette dokumentet har ei heller ekstrem haldning til drøvtyggjarar som ku, sau og geit, som ein ønskjer å fase ut av norsk matproduksjon til fordel for vokstrar som menneske kan eta direkte. Argumentasjonen for dette er fagleg svak, og konsekvensane av ei slik line ville vera nedlegging av landbruket i store delar av det gamle husdyrfylket Telemark.»*

Nome
VIDEREGÅENDE SKOLE

nome.vgs.no

En spennende og fremtidsrettet utdanning

Det får du på Nome videregående skole.

I tillegg til videregående utdanning tilbyr vi agronomutdanning for voksne og fagskolestudium i sauehold og lokal foredling.
Vil du vite mer om vårt utdanningstilbud, se nettsidene våre nome.vgs.no

Velg naturbruk på Nome videregående skole

Framtida for vidaregåande kurs 3 på Søve

Før budsjetthandsaming i Vestfold og Telemark fylkeskommune i haust kom det signal om at 3. året av agronomutdanninga på Søve ville bli eit offer for innsparingane i det nye storfylket. Siste utdanningsåret hadde då blitt flutt til Melsom. Nestleiar i TBS, Regina Brajkovic deltok på eit møte mellom politikarar og organisasjonane og var optimistisk etter møtet. Ho skriv på FB:

«Møte på Søve i dag var vellykket. Ungdommene Anne Langåsdalen / Eivind Kristoffersen fra elevrådet gjorde en kjempebra jobb og forhåpentligvis får de noen minutter på Telemarksendinga i kveld. Terje Åsland var svært positiv og det hørtes ut som dette må gå bra. Det var mye fokus på det grønne skiftet, kvaliteten Søve har som fagskole men også søkertall og viktighet av å la elevene fullføre en moderne god landbruksutdanning i et lokalmiljø. Avstandene fikk også god fokus, budskapet ble mottatt. Så får håpe det funker.»

Og det funka – Godt jobba!

Ulve-DNA. Regina Brajkovic har vore pådrivar i arbeidet med å få sikrare kunnskap om kor genetisk viktig ulven i Noreg er. Det har vore mange spekulasjonar om kor ulven kjem frå, og det har blitt ein diskusjon om kor truverdige opplysningane frå Rovdata er. Det er bakgrunnen for at me har sett i gang arbeidet med eigne genanalyser på eit laboratorium i Tyskland, ForGen. Staten har no frigjeve 18 ulveprøver til ny analyse i vår regi.
Til nå har prosjektet mottatt 112 prøver som er sendt til analyse og arbeidet blir finansiera av innsamla midlar. Les meir om ulve-prosjektet på side 22.

Hovudutval for næring og reiseliv i Vestfold og Telemark. Vestfold BS og Telemark BS var inviterte til å orientere om kva me står for og kva me jobbar med då utvalet hadde landbruk og reiseliv som tema. På vegne av dei to fylkeslaga la me vekt på at dei landbrukspolitiske måla ikkje er utforma for å gje bonden levelege vilkår, men for å oppnå mattryggleik, busetting, verdiskaping og berekraft. Det er Stortinget som har ansvar for at det er samsvar mellom mål og verkemiddel. Inntekt til bonden er eit slikt verkemiddel. Me peka på at det ikkje er slikt samsvar i dag.

Landbrukspolitikk i Fylkestinget. Fylkestinget i Vestfold og Telemark nyttar høve til å påverke landbrukspolitikken ved å vedta uttale til forhandlingspartane. Utdrag frå vårt innspel: *Det er på høg tid å stoppe nedgangen i tal gardsbruk slik at dei framleis kan vera basisen for gode bygdesamfunn, og for å basere husdyrproduksjonen på meir gras og beite til drøvtyggarane. Lønsemda må opp. For å få til det må tilskotsordningane ha ei form som gjer at mangel på stordriftsføremonar blir kompensert og sikrar dei meir tungdrivne areala og mindre bruka. Den effekten er ikkje god nok i dag.*

Landmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
I 2020 var det digitalt landsmøte for fyrste gong i lagets historie. Det tekniske gjekk greitt, men det viktige sosiale livet gjekk me glipp av. I Telemark samla me utsendingane på Raulandsakademiet, og det gjekk fint. Me fekk god mat, hadde god plass, og godt smittevern.

REGINA PÅ "TALARSTOLEN". FOTO: KARI TELLEFSEN

TELEMARKSDELEGASJONEN, FRÅ VENSTRE FRAMME: REGINA BRAJKOVIC, ARVID LIA, ERLEND FUNDLI, SONDRE AASAN, GUNNAR HAUGO, INGEBJØRG KRISTENSE ØYGARDEN, ODDVAR SELTVEIT. FOTO: KARI TELLEFSEN

Me hadde sendt inn 5 saker frå Telemark:

- **Student- og elevkontingent.** Landsmøtet avviser framlegget frå Telemark BS.
- **Spis på norsk, EAT i eit norsk perspektiv.** Landsmøtet støttar intensjonen med framlegget frå Telemark BS, men organisasjonen kan av kapasitetsmessige årsaker ikkje gjennomføre ei slik oppgåve no. Framlegget må vente.
- **Svartelista artar.** Landsmøtet avviser framlegget frå Telemark BS.
- **Organismar som er ulovlig sett ut i naturen**. Landsmøtet støttar framlegget frå Telemark BS og bed styret om å følge opp med eit brev til justiskomiteen.
- **Framlegg til NIBIO-undersøking om rovvilt**. Landsmøtet støttar intensjonen med framlegget frå Telemark BS og pålegg styret å halde fram den tette dialogen med m.a. NBIO når det gjeld forsking på konsekvensane av den rovviltforvaltinga som faktisk blir gjennomført. Når det gjeld ørneskader spesifikt, vil ein vente på resultat frå forskingsprosjektet på Fosen. Styret gjev rovviltutvalet i oppgåve å utarbeide framlegg til opplegg for forskingsprosjekter som NIBIO kan gjera om til konkrete prosjekter der ein kan søke om forskingsmidlar over jordbruksavtala. Frist for utvalet: 15. januar.

Vest-Telemark fekk på nytt verepremie, 10 nye medlemmer – GRATULERAR!

To kjemper i Norsk Bonde- og Småbrukarlag blei takka av på landsmøtet. Assisterande generalsekretær John Petter Løvstad har vore i sekretariatet i meir enn 40 år, og generalsekretæren, Olaf Godli, i om lag 25 år. Les helsingsord til dei på side 32. Me ønsker ny generalsekretær, Anders Nordstad, og ny assisterande generalsekretær, Vilde Haarsaker, hjarteleg velkomne. Lykke til med arbeidet!

.**Vinje 28.02.2021**

Sondre Aasan, leiar (s) **Regina Brajkovic, nestleiar (s)**

Gunleik Mæland (s) **Halvor Versto (s)** **Margrete Ims Langåsdalen (s)**

Sammen for det norske landbruket

Vi er stolte og glade over vårt samarbeid med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen hjelper vi med å forebygge skader og forsikre gårdene i landet vårt, slik at du kan sikre deg, dine og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter hos oss. Du får:

- inntil 20 % rabatt på privatforsikring
- 23 - 24 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på ulykkesforsikring for voksne og barn
- gode fordeler på pensjon

Ring oss på **915 03100** eller
les mer på **gjensidige.no/landbruk**

NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Gjensidige

Vær all right med hverandre

Appell på årsmøteseminaret av Linn Beathe Esborg

Jeg vil ikke bruke min tid i dag til å snakke om spesifikke landbrukspolitiske saker. Jeg vil snakke om noe som er så banalt og enkelt at noen stusser kanskje på at jeg gidder å nevne det. Men jeg tror dette er noe vi glemmer litt i hverdagen og i kampens hete. Jeg tenker på dette med å være en ålreit person, være ålreit mot andre mennesker. Vi lever i en tid der vanvittig mange aktører sloss om vår oppmerksomhet, nettaviser, forum, politikere osv. De lokker oss inn ved å bruke det ekstreme. Alle bønder er ditt, alle byfolk mener datt, alt er håpløst, vi må endre alt ved hvordan vi lever, alt er løgn, fortsett som før. Legg deg ned i skyttergraven og fyr løs. Og det er det letteste. Når

en får dritt, så er det lett å slenge dritt tilbake, og hva sitter vi igjen med da? Enda mer dritt. Og jeg vet at møkk er bondens gull, men som en vet, det kan bli for mye av det også. Selvfølgelig skal en ikke godta direkte angrep, trusler og slikt. Det må håndteres gjennom de rette instanser. Men i det vanlige, i hverdagen, vær ålreit med andre folk.

Du kan til og med gå lengre, du kan også aktivt oppsøke folk som er annerledes enn deg selv. Ha gode samtaler der du både prater OG lytter. Kanskje du lærer deg å argumentere litt annerledes for dine saker? Kanskje lærer du noe nytt, kanskje den andre parten lærer noe nytt. Kanskje det ikke kommer noe annet nyttig ut av det enn en god kopp kaffe. Dette må ikke, men blir ofte dessverre, forvekslet med å bli en grå masse i sentrum, helt uten egne meninger, der vi ikke skal slåss for en eneste ting. Men husk at i den andre enden av dine ord så er det en annen person av kjøtt og blod. Vær ålreit. Men hva skal en gjøre da? Som et enkelt menneske i denne store verden? Til tider så føler vel de fleste av oss, jeg vet at jeg føler det slikt inniblant, liten og ubetydelig. Hva hjelper det liksom? Hva har det å si hva jeg gjør? Det er jo så mange andre mennesker her, som kanskje er rikere, mer kjente, har mer makt. Og om hundre år er alle ting glemt, systemene er så store og jeg er så liten, så hva er vitsen liksom? Når jeg havner i denne tankegangen her så må jeg minne meg selv på noe. Jeg har en innflytelsesradius, et område rundt meg der jeg kan utøve mye makt. Det kan være at jeg velger å stemme, jeg er med i organisasjoner, jeg smiler til de som jobber i butikken, jeg deltar på en høflig måte når det er fletting i trafikken. Det kan være den hageflekken jeg eier eller den gården jeg drifter. Her kan jeg bestemme hva som skal skje.

Noen mennesker har stor innflytelsesradius, andre har liten. Og den vil endre seg i løpet av livet ditt. Men her har du makt. Og med makt kommer ansvar. En skal være, etter min mening, en god forvalter. Et godt medmenneske. En som plukker opp søpla i stedet for å hivet det ut av bilvinduet. Finnes det noe bedre enn å være med på å få bedre jord? Bidra til liv i jorda, summing av insekter i åkerkanten? Finnes det noe bedre å se noe vokse, blir bedre og bedre for hvert år fordi det er du som skjøtter det etter beste evne? Hvor gøy er det ikke å lære bort en ferdighet til noen andre? Finnes det noe bedre enn å produsere mat, på norske ressurser, det viktigste av det alle. Uten mat, planter og liv og røre ute i naturen, så er det ingenting som fungerer. Så det bunner ut i dette: ha gode samtaler med folk, snakk og lytt. Vær en ålreit person, det er nok dritt i verden, du trenger ikke å bidra til det. Forvalt det du har, på den beste måten du kan.

God agronomi handlar om helsa til jorda

Artikkel i Bonde- og Småbrukar av Arne Vinje.

– Eg blei ikkje økobonde av idealisme, men fordi det gjev betre økonomi og ein meir fagleg spennande kvardag, sa Hellek Berge frå Gvarv på den faglege delen av årsmøtet i Telemark Bonde- og Småbrukarlag. Han og ein granne gjekk over til økologisk drift av om lag 300 dekar i 2010, etter at prisen på kunstgjødsel auka kraftig i 2008-2009. No produserer han havre og ertar på såkornkontrakt for Felleskjøpet, har tittelen *#inspirasjonsbonde* og har representert Norsk Bonde- og Småbrukarlag i arbeidet med den viktige rapporten «Nasjonalt program for jordhelse», som Landbruksdirektoratet la fram for ei par veker sidan. – Det er så enkelt som at god jordhelse gjev betre avlingar med mindre innsats, understreka Berge. Målet er å gjeva det ufatteleg rike livet av mikroorganismar og andre organismar i jorda dei best moglege vekstvilkåra, og metoden er å arbeide med naturen, ikkje mot han. Mindre pløying og jordarbeiding, bruk av belgplanter i staden for mineralgjødsel, jamlege vekstskifte og tildekking av open er viktige teknikkar.

FOTO: HELLEK BERGE

– Eg har nok litt mindre avlingar enn då eg dreiv konvensjonelt, seier Hellek, men sidan driftskostnadene har gått endå meir ned, er driftsresultatet vesentleg betre. Og det er svært tilfredsstillande å sjå at driftsforma er i samsvar med dei krava me ser kjem i framtida: meir karbon blir bunde i jorda, og jorda blir faktisk friskare og betre for kvart år. Det er dette me kallar *regenerativt* jordbruk, og det gjer det mogleg å overlata garden og jorda i betre stand til dei som kjem etterenn då ein sjølv tok over.

Hvordan tenker vi om landbruk?

Teknologisk	Biologisk
Maskiner	Husdyr/Meitemark
Kunstgjødsel	Nitrogenfiksering - Mykhorhiza
Sprøytemidler	Mangfold/jorddekke
Grøfting/vanning	Porer/Jordstruktur/Karbon
Kontrollere mest mulig	Observere, lære og justere
Bivirkninger	Kan bygge opp økosystemer
Kapitalintensivt	Kunnskapsintensivt
Kommersielle interesser	Gratishjelp fra naturlige prosesser

FRÅ FOREDRAG AV HELLEK BERGE

1500 dekar utan plog

I grannekommunen Nome driv Henrik Kjeldsen produksjon av kveite, rugkveite, havre, bønner og noko eng på den største garden i Telemark, Holla. Å seia at han har 1500 dekar under plogen, passar ikkje her. Henrik brukar ikkje plog – av omsyn til jordhelsa. Han horvar, slåddar og tromlar ikkje heller. I staden har han investert i eit monstrum av ei direktesåmaskin, dregen av ein vaksen traktor med tvillinghjul. Maskina plasserer gjødsel og frø med kirurgisk presisjon i halmstubben, beint i åkeren. Alt i ein operasjon.

FRÅ FOREDRAG AV HENRIK KJELDSEN

Metoden gjev god spiring og eit tettare plantedekke, og reduserer behovet for sprøyting mot frøugras. – Men særleg viktig er det at det blir mykje mindre traktorkøyring, seier Henrik, og fortel om ei innsparing av om lag 3000 liter diesel i året. Redusert køyring gjev ikkje berre positivt utslag på det økonomiske resultatet, men framfor alt på jordstrukturen. For kvart år ser han at molda smuldrar lettare, og jorda blir i stadig betre stand.

Interessa for karbonbinding og styrking av det organiske mangfaldet i jorda er noko desse to bøndene har felles, trass i ulike driftsmåtar og fagpolitisk tilknyting. Dei meiner båe at dei har mykje å lære av kvarandre, og dei vonar at fleire bønder vil ta grep i denne retninga på gardane sine. Jorda er ein ressurs som skal produsere mat og fôr i hundrevis av år framover. Me som driv denne jorda akkurat no, har eit stort ansvar for å stelle fint med jordhelsa.

To framståande fagfolk la grunnlaget for den spennande diskusjonen om driftsmåtar og jordhelse.

Professor Inger Hanssen-Bauer, Meteorologisk institutt og Norsk klimaservicesenter, orienterte om kva konsekvensar klimaendringane kan få for det norske jordbruket:

INGER HANSSEN-BAUER. FOTO: KARI TELLEFSEN

- I eit hundreårsperspektiv er ein vesentleg auke av gjennomsnittstemperaturen uunngåeleg, frå +1,6°C (om verda når måla frå Paris-avtala i tide) til +4,5°C (framleis auke i utsleppa)
- Vekstsesongen blir lenger, og opnar for nye planter, men òg for nye skadegjerarar
- Avlingar og driftstilhøve vil vera vedvarande truga av meir tørke og meir flaum. Ein reknar med eit «klimapåslag» på 40% på kraftig regn som varer stuttare enn 3 timar
- Auka erosjon kan gjeva varig skade på jordressursane
- Redusert global matproduksjon vil føre til auka prisar på mat og fôr
- Tidlege vårar gjev større risiko for frost på frukt og bær i bløminga

I 2019 blei det avslutta eit tverrfagleg pilotprosjekt om «klimarobust landbruk» under leiing av Telemarksforsking, med fokus på kornproduksjon. Rapporten har fleire framlegg til tiltak, og syner kor viktig det er at forskarar og praktikarar arbeider saman for å finne løysingar.

Seniorforskar Erik Joner, NIBIO, spesialist i jordmikrobiologi, har jobba nasjonalt og internasjonalt m.a. med nedbryting og planteopptak

ERIK JONER. FOTO: KARI TELLEFSEN

av miljøgifter. Han tala om «jordkarbon – jordliv – jordhelse, jordbrukets treeinigheit».

- Av karbonutsleppa til atmosfæren i perioden 1750-2017, kom ca. 25 % frå tap av karbon (C) i jorda.
- I open åker skjer det tap av C, dels fordi avlinga blir fjerna og mineralgjødsling og jordarbeiding bryt ned mikrolivet, men mest fordi plantene ikkje veks i heile vekstsesongen
- Permanent grasmark (eng) bind C, men nettoverknaden er tap av C frå landbruksjord
- Mengda C i åkerjorda kan aukast gjennom tilførsel av husdyrgjødsel, fangvokstrar, grøngjødsling, endra vekstskifte, nye planteslag, men det skal mykje til
- Jordlivet er eit komplekst system av planterøter og ei kolossal mengde organismar som (utan at dei veit det) høyrer til mikrofloraen, mikrofaunaen, mesofaunaen og makrofaunaen. Dei har alle ei rolle (nisje) i systemet. I eit gram jord kan det vera 5-10.000 artar!
- Skal jordlivet trivast og vekse, må det fôrast kontinuerleg med sunn og variert kost
- Oppbygging av C i jorda gjev auka kvalitet og evne til å takle klimaendringar
- Resirkulering av organisk materiale attende til jorda er naudsynt for å hindre utarming av C og næringsstoff

FRÅ FOREDRAG AV HELLEK BERGE

DNA prosjekt – ulv, av Regina Brajkovic

Uttale fra Landsmøte i NBS 2019:
«Stortinget lovet i 2016 en uavhengig granskning av ulvebestandens genetikk og opphav i Norge. Granskingen drar ut i tid og NBS vil ha fortgang i prosjektet. NBS ønsker derfor å bidra til videre kartlegging av den norske ulvebestandens genetikk. Med utgangspunkt i resultatene fra en genetisk kartlegging ønsker NBS en åpen debatt om hva vi skal gjøre med ulveindivider der genetikken ikke kan forklares med naturlig migrasjon.»
Det er sendt 112 prøver til DNA analyse i Hamburg. I tillegg har vi fått tilsagn om verifiserte prøver av et utvalg på 18 ulver blant annet på betingelse at det søkes cites-tillatelser om utførsel fra Norge og innførsel til Tyskland. Cites-søknad om utførsel av disse prøvene fra Norge ble raskt behandlet. Innførselssøknaden til Tyskland har tatt lang tid men er i skrivende stund innvilget. Det jobbes nå med å få prøvene sendt til Hamburg, men siden utførselstillatelse rakk å gå ut er prøvene fremdeles ikke sendt.
Analysering av prøvene betales av innsamlede midler, og økonomien er under kontroll. Vi har dessuten kvalifisert forskerhjelp.
Forskere ved Rovdata har god oversikt over slektsforholdene i den skandinaviske ulvebestanden, noe som gir oss en unik mulighet å sammenligne våre prøveresultater med Rovdata sine funn. DNA prosjektet til NBS ser ut til å være enestående i Europeisk sammenheng. Vi har per dags dato en del prøvesvar, men vi trenger å sammenligne disse med de verifiserte prøvene når de kommer, samt å bearbeide disse sammen med vår forsker.
ForGen i Hamburg har en annen referansedatabase enn den som brukes i Norge og Sverige. Følgende referansemateriale er brukt her ifølge ulveforsker Flagstad:
-Referansematerialet som brukes for å identifisere østlige immigranter er fra finsk og russisk Karelen.
-I hundematerialet er det både renrasete hunder og blandingsraser med fokus på mellomstore og store hunder, bl.a. Labrador/BoarderCollie, Labrador/Collie/Schäfer, Terveuren/Schäfer/Labrador/GoldenRetriver, Kopor/Wachtel/Jaktlabrador, Vorsteh, Jämthund, Labrador, Riesenschnauzer, Schillerstövare, Schäfer, Australian Shepard, Borderterrier, Boxer, Holländsk Herde, Howawarth, Rottweiler, Schweizer Sennerhund, Skotsk Hjorthund.
ForGen finner en del gjeterhundetyper som schæfer men mest ovcharka og sarplaninac. De to siste er molosserhunder. Den eneste molossertype de har med i referansematerialet er schweizer sennen hvis jeg ikke tar helt feil. Schæferen burde de funnet. Molossere finner man ikke uten å ha de med i sammenligningsmaterialet.

FRÅ AVISINNLEGG I NATIONEN 15.1.21. ELGÅULVEN, (ROSA) MARKERER SAMMEN MED FINSKE (HVIT) OG RUSSISKE/KARELSEKE ULVER (GRÅ). SKANDINAVISKE ULVER I BLÅTT, SKANDINAVISKE HUNDER ER MARKERT GULT. HVER FIRKANT REPRESENTERER ETT INDIVID OG AVSTANDEN MELLOM DEM VISER RELATIVT SLEKTSKAP. CLUSTERINGSANALYSE: ROVDATA,

Den grafiske fremstilling skal synliggjøre hvorfor Elgå-ulven (den røde prikken) er genetisk viktig. Avstand mellom prikkene viser relativt slektskap. Variablene på aksene er dermed ikke så viktig, søsken skal ligge tett oppå hverandre. Hundene skal ligge langt fra ulvene, de har skilt lag for mange tusen år siden.
Man kan da lure på de blå prikkene (skandinaviske ulver), som altså skal stamme fra de grå (russiske) og hvite (finske). Hvorledes i alle dager kan 40 års adskillelse siden 1980-tallet skape en avstand som tilsvarer bortimot 10.000 år med genetisk utvikling fra vill ulv til tam hund (gule prikker)? Sterk innavl kommer sikkert til å trekkes frem som forklaring, men uansett burde de opprinnelige tre dyrene fra Nyskoga (1984) og Gillhov (1991) og deres direkte avkom falle inn blant de finske og russiske ulvene. Det gjør de ikke. Altså mangler man rett og slett korrekt referansemateriale for opphavet til den skandinaviske ulvestammen. Med andre ord: vet forskerne egentlig hvor den skandinaviske ulvestammen har sin opprinnelse?
Før vi kan offentliggjøre flere prøveresultater, trenger vi analyser av de verifiserte prøvene fra staten. Vi går dermed en spennende tid i møte!
I tillegg har nestleder i samarbeid med Tokke kommune sendt en søknad om midler til kartlegging av årsaker til tap på beite i Tokke. Tapene i enkelte beitelag i Tokke er sterkt økende, og det knapt noe lam som det blir dokumentert dødsårsak på. Det er søkt om radiobjeller og ekstra oppfølging av disse for å prøve å finne ut hvor det blir av alle disse lammene samt et økende antall sau som ser ut til å forsvinne i løse lufta.

Dyrkar grønsaker 775 meter over havet

Artikkel i Bondevennen 6. desember 2020 av Liv Kristin Sola.

Kristina Huitfeldt Carlsen

Dyrkar grønsaker 775 meter over havet: *Det gir fullstendig meining å dyrke grønsaker også her, seier Kristina Huitfeldt Carlsen. No vil ho prøve ut ulike sortar for å finne ut kva som trivst her, høgt over havet. – Eg er så heldig at eg bur her og kan ha maten min rundt meg, seier ho. Foto: Tone Lundeberg.*

Mykje fall på plass då Kristina las om marknadshagar. Ho fekk ein mentor frå Larvik, men avstand, korona og mangel på erfaring får henne til å tenke at det var for tidleg. Mykje har skjedd på dei tolv åra sidan Kristina Huitfeldt Carlsen flutte heim til Øyfjell i Vinje i Telemark.

– Eg har alltid vore glad i å dyrke grønsaker. Men hadde eg gjort dette for ti år sidan er det ikkje sikker folk hadde vore så klare som dei er i dag, seier ho.

Så kom korona

Då ho hadde bestemt seg for å prøve ut grønsaksdyrking, søkte Kristina like godt både midlar frå Innovasjon Norge og mentor gjennom NLR. Ho fekk begge delar, noko ho er svært nøgd med. Som mentor fekk ho ein erfaren grønsaksdyrkar frå Larvik.

– Ein kjempefin og dyktig fyr som eg er veldig takknemleg for å kunne spørje til råds, seier ho.
Mentor har vore på besøk, men mesteparten av kontakten har dei hatt på e-post og telefon. For det er langt frå Larvik til Øyfjell. 2,5 timar med bil kvar veg. Så kom korona, lenge før sesongen var i gang. Det gjorde det vanskeleg både med besøk av mentor, men også å delta på markvandringar og besøke andre grønsaksdyrkarar. Spesielt fordi Kristina er sjukepleiar og ikkje vil ta sjansar.
Ho kjenner på litt dårleg samvit for ikkje å ha brukt mentoren sin godt nok, men er usikker på kva som kunne vore annleis, ikkje minst på grunn av korona.
– Eg tapte nok litt tid i starten. Mangel på erfaring gjorde meg usikker på kva eg skulle spørje om. Spørsmåla kom når eg stod i åkeren og nettopp hadde sådd, såg noko eg trudde kunne vere sjukdom, eller var i gang med planlegging, seier ho.
Etterkvart som spørsmåla har meldt seg har bonden ringt eller sendt ein e-post til mentoren sin. Aller helst skulle ho ønska at ordninga varte over to år for å få meir erfaring.
– Kan hende melde eg meg på eitt år for tidleg, men når blir det eigentleg rett tid? undrar ho. Spørsmåla kom når eg stod i åkeren og nettopp hadde sådd.

Det måtte bli grønsaker

Kristina vaks opp med sau, med jakt og fiske, bærplukking og kjøkenhage. Ho vil gjerne vere mest mogleg sjølvforsynt, og motivasjonen til å dyrke grønsaker var større enn å drive med dyr. Det passer i lag med å jobbe turnus og vera mor til to seksåringar.
– Kan hende skal vi ha nokre geiter, for beiting og eigen husdyrgjødsel. Kontakt med dyr er også fint for ungane, seier Kristina. Å dyrke grønsaker til husbruk har dei gjort til alle tider her på Dyrdal. No vil Kristina prøve ut fleire vekstar, sjå kva som trivst her så høgt over havet, anna enn potet og kålrot. Vekstsesongen er kort og hektisk og fri for kunstgjødsel og sprøytemidlar. Snøen låg til 1. juni, og i starten av november er det framleis bart.
– Noko er i endring, seier Kristina.

FOTO: KRISTINA C. HUITFELDT

Må vera meg sjølv

Sjølv om sommaren var kald, fekk ho gode avlingar av ulike sortar kål, urter, salatar, lauk, gulrot, blomkål, brokkoli, kålrot, fennikel, vårlauk, jordskokk, potet og kvitlauk.

– Squash gjekk det også bra med, under duk, seier Kristina.

Ikkje alle grønsakene blei heilt ferdig, men tilbakemeldingane er at dei er spesielt søte og smakfulle. Sjølve dyrkinga er ein ting. Det verste som kan skje er at ho ikkje har nok grønsaker til å dekke etterspurnaden. Men pris og marknadsføring og alt som følgjer med må også lærast.

– Stort sett får eg tilbakemelding om at eg må ta ein høgare pris. Det ikkje lett å sette ein verdi på det eg gjer, seier ho.

Nokon tipsa lokalavisene. De sette fart på salet. Rehabiliteringssenter på Rauland har også blitt ein viktig kunde. Senteret kjøper grønsakene rett frå jorda og tilpassar menyen etter kva dei får kjøpt.

– Det er litt overveldande – heilt rått, seier Kristina.

Mange kjem med velmeinte råd om å selje ei historie, fronte lokalmat og opne for gardsturisme og omvising. Kristina veit det er godt meint, men det er for tidleg å tenke slik no.

– Eg må ta det i mitt tempo og sjå kva retning det tek og om det kan kombinerast med jobb og familie. Eg vil ikkje skape forventningar eg ikkje kan leve opp til, seier Kristina.

Ho set pris på alle som kjem innom, men responsen frå lokalbefolkninga betyr aller mest. Kristina håper aller mest å inspirere andre i kommunen til også å dyrke sine eigne grønsaker.

– Slik kan vi utfylle kvarandre og auke sjølvforsyninga her i Vinje, seier ho.

Ikkje eit glansbilete

Garden og livet her er ein livsstil. Jobb og fritid heng i hop. Ikkje alle forstår det, men det er ikkje så farleg.

– Grønsakshagen er viktig for meg, for garden og for bygda, og for ungane. Det er verdifullt at både våre og andre sine ungar får lære å dyrke mat og smake på grønsakene. Plutseleg likar dei brokkoli, seier Kristina.

Men ho understrekar at det ikkje er eit glansbilete.

– Vi drar jo ikkje på ferie, på ein måte. Men vi et også posesuppe, seier Kristina og ler godt.

Kristina seier sjølv at:
«Til tross for den nokså kalde sommeren i fjor, gikk første sesong i markedshagen over all forventning. Jeg fikk testet ut markedet, erfart og lært masse gjennom mentorordninga. Mye gjenstår å lære og jeg er nå med i et markedshage inkubatorkurs i Fjellandbruket. Det er utrolig fint å ha et nettverk med andre som dyrker i fjellet. Det er jo ikke nytt å dyrke grønnsaker her, men jeg dyrker mellom 25-30 forskjellige sorter og varieteter og håper å teste ut flere sorter og hva folk vil ha. Jeg håper det er flere som kunne tenke seg å dyrke her fordi jeg tenker at vi kan utfylle hverandre og lage et miljø der vi kan treffes og lære av hverandre. I tillegg er det viktig med tanke på selvforsyning og det er faktisk mulig å dyrke grønnsaker her bare man legger til rette for det».

FOTO: KRISTINA C. HUITFELDT

Mentorordninga i landbruket. Kristina hadde god nytte av å ha ein mentor. Ordninga går ut på at en fersk bonde gjer ei formell avtale med ein erfaren kollega som støttespilar og diskusjonspartner i drifta gjennom eitt år. Tilbodet omfattar alle produksjonar. Ordninga er landsdekkjande, og Norsk Landbruksrådgjeving (NLR) har ansvaret, i samarbeid med NBS, BL og Innovasjon Norge. I januar er det oppstart med felles med informasjon og opplæring. I løpet av året skal partane møtast minst 5 gonger og blir avslutta med erfaringsutveksling i november. Mentor får godtgjering. Tilbodet er gratis for ferske bønder.

Unge bønder inspirerer i 2021. Det er sterk trong for generasjonsskifte i landbruket på same tid som bruksnedlegginga held fram. Det er viktig å dele erfaringar frå dei som nettopp har overtatt og tenker kreativt om framtidig drift. Prosjektet går over fleire kveldar/ dagar med gardsbesøk og webinar i heile år. Kristina er ei av dei me vil besøke, i tillegg til m.a. sauebønder på Gumøy og i Vinje og korn og fruktprodusentar. Kom gjerne med framlegg til aktuelle gardbrukarar eller om du ønsker å delta, e-post: telemark@smabrukarlaget.no. Ung bonde informerer om drifta, me ser på tekniske og praktiske løysingar, økonomi og støtteordningar frå innovasjon Norge og kommunane. Me ønsker òg å drøfte omsetningsformer av produkta, direkte sal til forbruker/ sal via lokale butikkar og tilhøvet til samvirke. Følg med på Face-Book.

Et me ikkje norsk mat no, blir det heller ingen norsk mat å eta når me treng det.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag

SØR-NORSK BORING

www.boring.no

- **Fundamentering** med boring og montering av stålkjerner. RD-peler og ramming av RR-peler.
- **Energiboring** for lønnsom og miljøvennlig oppvarming og kjøling. Termisk responstest.
- **Horisontalboring** for gjennomføring av kabler, vann-og avløpsrør uten graving og sprenging.
- **Brønnboring** med komplett vannløsning i fjell og løsmasser.
- **Boring av KL – Mastefundamenter** i Ø555mm og Ø355mm til jernbane. Boringen utføres fra jernbanevogn eller med beltegående borerigg.

www.boring.no Tlf.: 40 00 69 09 Epost: snb@boring.no

StartBANK

Ikkje eitt mjølkebruk å miste!

Avisinnlegg av Sondre Aasan og Astrid Tove Olsen

«Vi er ikkje fleire enn at vi kan møtast rundt kjøkkenbordet» sa ein av naboane. Han sikta til at det for 10-15 år sidan var bruk for møtelokale og opptil fleire kafèbord for at alle skulle få plass ved fagmøte og sosiale landbrukstreff i bygda. «I dag kan vi spørje oss om kor lite eit kjøkkenbord ein treng for å gje plass til bygdas bønder?» Vi har dei siste åra opplevd to kriser som har gjeve oss erfaring med matvaretryggleiken i Noreg. Den fyrste handla om turke, regn og uvær som øydela for gras-, korn- og grønsaksproduksjon i 2018. Då var vi takksame for eit landbruk over heile landet. Solskin og gode vekstforhold i nord gav gode avlingar som kunne delast med bønder i sørlege delar av landet slik at kyr og sauer kunne få norskprodusert grovfôr. Vi erfarte den gongen at geografisk spreiing av matproduksjon gav mat for landet samla. I 2020 har Covid-19 endra forbruksmønsteret og fått fleire til å velje norske

matvarer. Etterspurnaden har vore så stor at matkjedar har forsøkt å lure utanlandske matprodukt inn i norske merkeordningar. Eit globalt virus har fått det norske folk til å sjå verdien av nasjonal matproduksjon. Som ein konsekvens produserer vi nå for lite mjølk til å dekke etterspurnaden. Kan vi finne eit botemiddel for dette?

I juni 2020 hadde det langstrakte Noreg 7228 gardsbruk med mjølkeproduksjon, frå øyar og fjordar til fjell og dalar. Dei ti siste åra har vi mista 38% av mjølkebruka.

Det er forventa at trenden vil halde fram, blant anna som eit resultat av nye dyrevelferdskrav: fødebinge der ku og kalv skal vere saman, med meir, må på plass innan 2024, og overgang frå båsfjøs til lausdrift innan 2034. Bønder er ikkje imot betra dyrevelferd. Vi vil gje dyra dei beste levedagar, og at kua steller sin eigen kalv har vore normalen innan det økologiske landbruket i fleire tiår. Men kvar skal vi finne pengane til å koste ombygging og utbygging for dei 60% av norske mjølkebruk som har båsfjøs, ca. 4300 bruk?
Norsk Bonde- og Småbrukarlag braut forhandlingane med staten (regjeringa) og Norges Bondelag om oppkjøpsordning for mjølkekvotar i 2019. Vi argumenterte for å redusere mjølkeproduksjonen pr. ku med 1000 liter i året ved auke andelen gras og beite til dyra, og dermed redusere import av soyaprotein frå Sør-Amerika. Vi fekk ikkje gjennomslag. Vi argumenterte i tillegg for å skåne dei minste mjølkebruka frå prosentvise produksjonskutt som vart sett inn for å redusere mjølkeoverskotet. Desse bruka er ofte dei som er best tilpassa det lokale ressursgrunnlaget når det gjeld beite og grovfôr. Heller ikkje her fekk vi gjennomslag hjå Norges Bondelag og staten.

Mindre importert kraftfôr og auka bruk av gras- og beiteressursar landet rundt, ville gjeve fleire bruk i drift og ein meir balansert mjølkemarknad. Vi ville redusert nedleggingstakta og at matjord går ut av drift i stadig fleire bygder.
I dag ser vi at auka i mjølkeproduksjonen skjer ved auka kraftfôrbruk og importera protein. Målet er at kvar ku skal pressast til å mjølke mest mogleg. Norsk Bonde- og Småbrukarlag si løysing er å ha ein basisproduksjon av matvarer vi sjølv kan dyrke og produsere over heile landet. Ved auke i mjølk- og kjøtbehovet har vi fleire bruk som kan auke produksjonen, og ved uår har vi spreitt risikoen over heile landet. Fylkesleiarmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag har difor kravd at kvotetaket straks må ned frå 900 tonn til 450 tonn mjølk for ku og til 200 tonn for geit. Avvikling av kvoteleige må utgreiast og bli tema i jordbruksforhandlingane i vår. Det er ikkje berekraftig verken økonomisk, sosialt eller miljømessig å oppretthalde ein politikk for nasjonal mjølkeproduksjon som kostar aktive bønder ca. 1 mrd. kroner kvart år i leige. Utviklinga har ført med seg auka tilskot til dei største bruka, auka bruk av budsjettmidlar til å skrive ned kraftfôrprisen, auka soyaimport og utarming av fagmiljø i mange bygder på grunn av utkjøp av mjølkekvotar og færre gardsbruk i drift.

Det må på plass finansieringsordningar som sikrar gode rammevilkår for dei små og mellomstore bruka, opp til 30 kyr, når dei må bygge nytt eller bygge om for å innfri lausdriftskravet. Dette er naudsynt for å sikre framtidstru og rekruttering i næringa. Mjølkeproduksjon basert på gardens gras- og beiteressursar skal vere berande for nasjonens matsikkerheit i møte med klimaendringane. Norsk mjølkeproduksjon må gå frå kjøkkenbordsamtaler til å igjen ta plass i det offentlege rom. Vi har ikkje eitt mjølkebruk å miste!

FOTO: KRÅKEROE

Kvalitet er noko som varer

Ei helsing frå Telemark til den avtroppande generalstaben

John Petter Løvstad er framleis ein mann i sin beste alder, men i Norsk Bonde- og Småbrukarlag var han alt på plass då eg kom med i 1980. Då var det generalsekretær Trygve Kaldahl og formann Kjell G. Jacobsen som rådde på NBS-kontoret i Kristian August gate. Og stillheita. Det skjedde ikkje så mykje der oppe i sjuande etasje på den tida. Medlemene rundt om i landet blei borte i strukturrasjonaliseringa, men laget hekk stadig med i jordbruksforhandlingane, og fekk dermed den tvilsame æra av å vera med på å administrere avviklinga.

Men etter Hitra-aksjonen og jamstillingsvedtaket hadde det lenge koka godt på grunnplanet, motkrafta auka og Aksjon Bygde-Noreg breidde seg over fjell og dalar. John Peter kom frå Oppland BSL, det største fylkeslaget, framleis ein sterk organisasjon. Han kjende medlemene godt, visste kva som rørde seg og – slik såg det ut for oss telemarkingar – var i ferd med å kople lagdelane betre saman.

Den unge mannen hadde engasjement og teft, og alt på den tida ein veterans innsikt, ro og oversyn. Han var ein kløktig strateg. Det kom godt med i den hektiske endringsperioden då laget skifta leiing og politikk, og opplevde framgang på alle frontar.

TEIKNING: HERBJØRN SKOGSTAD

Lars O. Romtveit og Gjermund Haga hadde store ambisjonar, men kunne stundom gå vel fort fram. Dei tykte det var gamaldags og urasjonelt at NBS heldt seg med ein eigen kvinneorganisasjon, og ville ha kvinnene inn som aktive medlemer ved sida av karane. Det gjorde dei også klart for årsmøtet i kvinnegruppene tidleg på 1980-talet. Men der møtte dei motbør. Den eine etter den andre tok ordet og viste til kor viktig det var for kvinnene å ha eit forum der dei kunne vera trygge og seia det dei meinte utan å bli møtte med mannlege herskarteknikkar.

John Petter var òg med på møtet. Han høyrde ei stund på ordskiftet, og så sende han ein lapp bort til dei to mennene som framleis ikkje hadde gjeve opp prosjektet sitt med å leggje ned kvinnegruppene. På lappen stod: SKRU PÅ HØREAPPARATET.

Det var det som skulle til. Lars og Gjermund høyrde etter, forstod og gav seg. Kvinnegruppene fekk leva vidare i mange år som ein øvingsarena i landbrukspolitikk og organisasjonsarbeid. Det var Lars som fortalde meg denne historia. For meg har ho ikkje berre karakterisert John Petters eiga evne til å fange opp signal, men også stadfest eit viktig generelt prinsipp som alle bør fylgje – i livet så vel som politikken.

John Petter fekk tidleg eit omdøme som ein god formidlar og ein driven debattant. Han var etterspurd på bonde- og småbrukarlagsmøte rundt om i landet, og ein gong han var på fylkesårsmøtet vårt i Telemark, fekk han eit oppdrag han måtte taka aldeles på sparket. Me heldt til på vertshuset i Bø, samstundes som bondelaget hadde årsmøtet sitt på hotellet. Denne gongen hadde Telemark Bondelag for fyrste (og siste) gong utfordra oss til landbrukspolitisk duell; dei ville vel gjerne kveikje sine tillitsvalde med å gjeva oss ein dukkert. Men ingen av oss i styret hadde høve til å stikke av frå vårt eige møte. Det fyrste John Peter fekk høyre då han gjekk av på Bø stasjon, var derfor at han straks måtte bort til bondelagsmøtet for å representere NBS i debatten.

Han kunne nok ha tenkt seg å bli varsla litt før, men tok oppgåva på strak arm. Etterpå meinte han det hadde gått greitt. Greitt? Seinare møtte eg ein heller gretten bondelagsleiar, som tykte det var dårleg gjort av oss å sende ein så profesjonell debattant. Trass i at han kom ubudd, hadde John Peter tydelegvis briljert, og heller *svekka* sjølvkjensla og pågangsmotet i bondelagsleiren.

Hjå sine eigne har John Petter hatt den motsette effekten: Han har inspirert og motivert i medvind og motvind, han har aldri mist trua på farkosten eller utsynet over leia, og stort sett har han hatt handa på rattet.

NBS er på mange vis laga for å drive jordbruksforhandlingar. Strategien for den nye leiinga tidleg på 1980-talet var å nytte plassen i forhandlingssystemet til å bremse avviklinga av gardsbruk, og helst endre kursen i jordbrukspolitikken. Men til dette trongst kompetanse på høgaste nivå både om landbruksøkonomi generelt og om det innfløkte systemet av ordningar som utgjer jordbruksavtala. NBS trong folk som på eit fagleg grunnlag minst var jamgode med folka i Bondelaget og staten, og som delte grunnsynet i laget. Dessutan, må me nok vedgå, måtte dei akseptere ei meir moderat løn enn dei kunne få andre stader.

TEIKNIG: HERBJØRN SKOGSTAD

Fanst slike menneske? Dei fanst! Inn i det vesle sekretariatet kom i tur og orden folk som Alf Vederhus, Torger Gillebo og Sindre Flø – og heilt på slutten av hundreåret**: Olaf Godli**. Unge, kunnskapsrike og djerve, utdanna på det som då heitte Noregs landbrukshøgskole på Ås, i ei tid då lærestaden framleis formidla perspektiva og impulsane til professor Sigmund Borgan. Med slike ressursar tok det ikkje lang tid før NBS sette seg i respekt hjå forhandlingsmotpartane, og stod fram som eit sjølvstendig alternativ for bøndene.

Den respekten har Olaf ført vidare, både internt og eksternt. Ein ting er at han etter kvart burde ha vore sidestilt med statens sjefsforhandlar, Per Harald Grue, og Vårherre når det gjeld kunnskap om og forståing av jordbruksavtala. Det er ein posisjon ingen får gratis, ikkje i det selskapet og då visst ikkje på vår side av bordet. Olaf opp-

levde nok også korleis veslebror blei møtt i forhandlingane med mektigare krefter. Ein har sine metodar. Men då eg sjølv litt seinare kom med i tingingane, medan Olaf framleis hadde tittelen rådgjevar, la eg merke til at både staten og Bondelaget lydde til og la vekt på det han sa.

Om kunnskap og innsikt utvilsamt har gjort Olaf til den sentrale personen han er i NBS, så må også evna til å vekkje tillit nemnast. I diskusjonar er han strengt sakleg og aldri ufin. I uformelle samanhengar har eg aldri høyrt at han har snakka nedsetjande om noko menneske, heller ikkje t.d. om landbrukspolitiske motstandarar eller kunnskapslause politikarar. Det er snautt fordi han har lært å passe kjeften, men fordi det er slik han er. Olaf treng ikkje hevde seg sjølv på kostnad av andre. Han er trygg, og skaper tryggleik i kring seg. Han har autoritet utan å vera autoritær. Og så er den logne og folkeleg hadelendingen lett å like.

Engasjementet og saka ser ut til å vera drivkrafta til Olaf, ikkje karrieren. Fleire gonger var han aktuell som generalsekretær i NBS, men fyrst i 2003 sa han ja til stillinga, som snautt nokon annan var betre kvalifisert til. Og til glede og nytte for organisasjonen og det norske landbruket blei han verande på denne plassen resten av yrkestida si. Ikkje sjeldan kan så mange år i sjefsstolen gjera det vanskeleg å rive seg laus, viss rolla er blitt ein litt for stor del av identiteten. Slik ser det ikkje ut til å vera for Olaf. Han har vore på jobb og teke sin tørn. No ser han fram til å koma heim att til garden der han høyrer til, hogge tømmer og gå på ski.

Framover unner me både generalsekretæren og den assisterande all den livskvaliteten dei har forsaka i alle desse åra, når dei har prioritert arbeidet og organisasjonen høgare enn sine eigne interesser. Dei har vart lenger enn nokon kunne vone - eit tydeleg bevis på kvalitet. *Heil ved* er ei dekkjande nemning på dei båe. Dei gjev frå seg ein organisasjon dei kan vera stolte av: ein stadig viktigare aktør i den krevjande prosessen mot eit samfunn som ikkje fortærer føresetnadene sine, eit kompakt og ledugt lag med stutt avstand mellom lagdelane, eit engasjement og ein kreativitet som langt på veg kompenserer for mangelen på økonomiske ressursar.

Det er berre å seia takk for alt dei gav, og drive på vidare.

Arne Vinje

Returadresse:
Kari Tellefsen
Jordivegen 29
3890 Vinje

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON
Levert av Posten

NORGE P.P.
posten